



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**

Møtested: , Teamsmøte

Dato: 21.03.2024

Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 14/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 15/24	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 16/24	Referatsaker		
AU 17/24	Orienteringssaker		
AU 18/24	Søknad om motorferdselløyve i samband med feilretting på fiberkabel langs veg Brokke - Suleskard. Lyse Fiberinvest. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Valle og Sirdal kommune.		2024/1994
AU 19/24	Søknad om dispensasjon til bruk av tråkkemaskin og snøskuter til Tindefjellet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 1/1-4, 6-7, 11-13, 26, Åseral kommune - Strennan Utmarkslag		2024/2834
AU 20/24	Eventuelt		

AU 14/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 15/24 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 16/24 Referatsaker
AU 17/24 Orienteringssaker



Arkivsaksnummer: 2024/1994

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 15.03.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	18/24	21.03.2024

Søknad om motorferdselløyve i samband med feilretting på fiberkabel langs veg Brokke - Suleskard. Lyse Fiberinvest. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Valle og Sirdal kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Suleskardvegen - Brokke - Ådneram - snøskuter - lastebil - varebil - feilhandtering - samfunnskritisk infrastruktur - prosjektet Fibermotorveien Stavanger - Oslo

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48, og *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 4.5 får Lyse Fiberinvest løyve til bruk av inntil tre snøscootere langs veg Brokke – Suleskard i samband med feilsøking og feilretting på fiberkabel langs vegen. Transporten skal følgje vegen jamfør kartet i vedtaket. Løyvet gjeld også for biltransport på vegen med inntil to køyretøy etter 1.november og fram til vegen vert snødekt. Løyvet gjeld mannskap frå Lyse Fiberinvest samt personell innleigd av desse.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Køyretøya skal så langt det er råd køyre samla og nytte kortaste veg frå Suleskard eller Brokke.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa.
- Løyvet gjeld berre i samband med feilsøking og retting ved utfall. Alt av vedlikehald skal gjerast i tida vegen er ope.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Forvaltningsstyresmakta skal innan 1. juli kvart år ha melding om det har vore køyring inneverande sesong.
- Løyvet gjeld til og med 20.5. 2027.

Løyvet gjeld langs vegen innafor verneområdet mellom dei to blå punkta i kartet:



--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Verneområdestyret ga i 2022, sak 6/22, Lyse Fiber løyve til å grave ned fiberkabel i vegkant langs veg Brokke - Suleskard. Lyse Fiberinvest har no søkt om motorferdselløyve på/langs vegen for å kunne drive feilretting om feil oppstår. Dei skriv i søknaden at kabelen er del av kritisk nasjonal infrastruktur der utfall har store konsekvensar. Feilretting må difor skje raskt. Dei har gode instrument for å lokalisere feilen, så det meste av tida vil gå med til sjølve reparasjonen. Til dette er det behov for å komme seg raskt inn i perioden vegen er stengd. Det er difor søkt om bruk av inntil tre snøscootere når det ligg snø på vegen. I tillegg bruk av lastebil og varebil i tida vegen er stengd, men før snøen legg seg.

Søkar legg til grunn at det er veldig lite truleg at det vert feil på kabelen gjennom vinteren, men sidan konsekvensane ved utfall er store må dei ha ein beredskap for tilkomst. Søknaden gjeld frå både sider av heia og for perioden vegen er stengd, dvs. 1.11 – 20.5.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldlova.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4 pkt. 5.1 bokstav a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Forvaltar legg til grunn at forbodet også gjelder snødekt veg Brokke – Suleskard i tida denne er stengd. Vidare går det fram av verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.2 at vegen Brokke – Suleskard skal vera stengd i tidsrommet f.o.m 1.november t.o.m 20.mai.

Ved tilkomst frå aust går køyreruta gjennom trekkson for villrein (Vardsvatn – Kvislevassknuten). Her er det jamfør verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.2 ferdselsforbod f.o.m 15.

april t.o.m 20. mai. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.5 kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå forbodet i særlege tilfelle om det ikkje strir mot verneføremålet.

I verneforskrifta er det inga særskild dispensasjonsheimel for bruk av motorkøyretøy til føremålet det er søkt om og passering av bommen den tida vegen er stengd. Søknaden må difor handsamast som unntak frå vernevedtaket etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Veg Brokke Suleskard er vinterstengd i perioden 1.11 – 20.5. Vegen går gjennom viktig vinterbeiteområde for villrein. Villreinenens bruk av nærområda til vegen er godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet. Normalt nærmar villreinen seg vegen frå nord i.l.a oktober månad, og trekk over vegen så snart denne stenger. Gjennom vinteren er det vanleg at villreinen nytter områda på baae sider av vegen. I løpet av april månad vil dei fleste simlene ha trekt nord for vegen og mot kalvingsområda nord i Valle. Enkelte mindre bukkeflokkar kan gå att til lengre ut på våren og i enkelte tilfelle utover sommaren.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av transporten. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Trafikkteljing syner om lag 80 000 passeringar på veg Brokke – Suleskard i tida denne er ope. Frå vegen er det ein god del ferdsel ut i terrenget, ikkje minst ut i turistforeininga sitt løypenett nordover og sørover i heia. Turisthyttene Øyuvsbu og Håheller ligg i kort avstand frå vegen, i tillegg fleire av Statskog sine utleiehytter. Vegen er eit mykje nytta utgangspunkt for jakt og fiske, og har ei sentral plassering i høve sauedriftene i området. Dei regulerte magasinane Rosskreppfjorden og Øyarvatn ligg nær opp til vegen, og særleg Rosskreppfjorden er ei mykje nytta ferdselsåre nordover i verneområdet.

Vinterstid er det gjennomgåande lite aktivitet og ferdsel på og langs vegen i periode frå november månad og eit stykke ut i februar. Eit unntak er strekninga Suleskard – Øyarvatn der Sira – Kvina nytter snøscooter som tilkomst til kraftverket på Heiestøl. Anne motorisert ferdsel gjennom vinteren er knytt til tilkomst til ein del driftshusvære nord og sør for vegen, samt til turistforeininga og Statskog sine utleiehytter.

Turistforeininga sine vinterløyper nordover og sørover frå vegen vert normalt kvista frå vinterferien og til noko etter påske. Frå Brokke vert det også merka vinterløype på vegen inn

til Øyuvsbu turisthytte. På vårparten i tida med godt skiføre er det ein god del ferdsel utanfor løypenettet frå utfartsområda i Brokke, Evardalen og Suleskard.

Etter 1. november, og før vegen vert snødekt, nyttar Jæren Smalelag vegen sporadisk i samband med ettersanking av sau. Det same gjeld Sira – Kvina for tilkomst til Heiestøl kraftverk.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga høg. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at en ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Tiltakshavar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte og følgjer vilkåra som er gjeven i løyvet.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Feilretting på fiberkabelen er av dei tiltak som neppe vart vurdert på vernetidspunktet og difor er naturleg å vurdere etter naturmangfaldslova § 48. Motorisert ferdsle knytt til feilretting var heller ikkje eit tema når det vart gjeven løyve til å legge fiberkabelen, sjølv om ein nok burde ha forutsett eit slikt behov.

Gjeven nærområda til vegen sin viktigeheit som vinterbeiteområde for villrein er det uheldig med ytterlegare forstyrrende aktivitet langs vegaksen. Samstundes vil det, ut i frå det søkar skriv, i praksis svært sjeldan vera behov for å ta seg inn langs vegen for å drive feilretting. Tilleggsbelastninga vurderast difor å vera liten. Gjeven fiberkabelen sin viktigeheit som kritisk nasjonal infrastruktur bør det også vera mogleg å kunne rette feil som oppstår. Det må i den samanheng leggast til grunn at vedlikehald og naudsynt arbeid på fiberkabelen så langt som råd vert gjort i tida vegen er ope .

Konklusjon

Transportane vil i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal. Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Transporten kjem ikkje i konflikt med verneformålet. Transportane vil heller ikkje vere eit trugsmål mot naturmangfaldet. Det kan difor gjevast løyve på vilkår.

Fra: Troøyen, Jan[Jan.Trooyen@lyse.no]

Sendt: 01.03.2024 15:09:58

Til: Postmottak SFAG[sfagpost@statsforvalteren.no]

Kopi: Haug, Jørn Trygve[jorn.haug@statsforvalteren.no];lms, Svein Arild[svein.arild.ims@altibox.no];

Tittel: Søknad om løyve til motorisert ferdsel langs Suleskardvegen.

Til Statsforvalteren i Agder.

Søknad om løyve til motorisert ferdsel ifm feilsøking og reparasjon av kritisk fiberinfrastruktur i verneområde langs Suleskardvegen.

Lyse selskapet Altibox Carrier AS ferdigstilte i 2023 prosjektet "Fibermotorveien Stavanger - Oslo". Prosjektet, som har gravd ned store mengder fiberkabler, følger bl.a Suleskardvegen fra Brokke til Suleskard og dermed også berører verneområdet "Setesdal-Vesthei-Ryfylkeheiene".

Dette er en kritisk nasjonal infrastruktur for overføring av store mengder data ut og inn av Norge til de store byene i Europa. Prosjektet har 99,99% oppetid og utfall over lengre tid aksepteres ikke av brukerne da dette har store konsekvenser, både for samfunnet og økonomisk.

I den sammenheng vil vi måtte utføre feilretting raskt om det oppstår feil på disse kablene. Vi har gode instrumenter for raskt å finne feilen, slik at vi vil bruke mest tid på reparasjon av kablene. For å utbedre disse strekkene vil vi måtte bruke motorisert ferdsel.

Vi ønsker primært å bruke opptil tre snøscootere i feilsøkerprosessen når det er snø i og langs vegen, mens vi ønsker å bruke en lastebil og en varebil når veien er fri for snø. Videre ønsker vi en løpende dialog med Verneområdeforvalter om videre tiltak og type motorisert utstyr etter befaring på feilstedet. Dette for ikke å belaste området mer enn nødvendig, da det kan være store forskjeller på feiltype, vær og spesielt snødybde i disse områdene.

Søknaden gjelder primært i perioden når Suleskardvegen er stengt, dvs mellom 1. november til 20. mai.

Sannsynligheten for at vi får feil på disse fiberkablene på denne strekningen om vinteren er veldig liten, men konsekvensene for brudd på kablene og langvarig feil er svært stor.

Løynet skal gjelde fra begge sider av heia, dvs fra Brokke og Ådneram.

Informasjon om hvilke underleverandører som skal brukes er ikke endelig bestemt, slik at det vil vi ettersende.

Med vennlig hilsen

Jan Troøyen

Lyse Fiberinvest AS

T: +47 95708080

E:jan.trooyen@lyse.no



Arkivsaksnummer: 2024/2834

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 15.03.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	19/24	21.03.2024

Søknad om dispensasjon til bruk av tråkkemaskin og snøskuter til Tindefjellet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 1/1-4, 6-7, 11-13, 26, Åseral kommune - Strennan Utmarkslag

Vedlegg:

- 1 Søknad - Strennan Utmarkslag

Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet i Verneområdestyret for SVR innvilgar Strennan Utmarkslag sin søknad om dispensasjon til bruk av tråkkemaskin og to snøskuterar til Tindefjellet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Løyvet gjeld for tidsrommet 26-27.03.2024 etter køyreruta som er vist på kartet i vedtaket. Vedtaket er fatta etter § 48 i naturmangfaldslova.

Vedtaket er grunngjeve med at køyrestrekninga i verneområde er kort og at område i svært liten grad er bruka av villrein eller andre sårbare artar. Det blir og langt vekt på at løypekøyninga er avgrensa til ein dag. Arbeidsutvalet vil minne om at verken verneføreskrifta eller § 48 i naturmangfaldslova opnar for å tillate løypekøyning på fast basis.

Løyve blir gitt med desse vilkåra:

- Løyvet skal alltid vera med under transporten.
- Om det blir observert villrein i området dei siste to dagane før arrangementet må løypekøyninga stoppast og arrangementet avlysast.

Kart over køyreruta i verneområdet



For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte køyring og landing på sin eigedom. Om du skal køyre over andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 21.02.2024 og Åseral kommunes oversending av søknaden frå 29.02.2024. Strennan Utmarkslag søker om dispensasjon til bruk av tråkkemaskin og to snøskuterar til Tindefjellet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Transportane skal ta til ved Eikerapen og dei siste 2.5 km av køyreruta ligg i verneområde.

Søkar ønskjer å arrangere ein trivseldag med oppkørt løype frå Eikerapen til Tindefjellet onsdag i påskeveka. Tråkkemaskina skal køyre opp spor, mens snøskuterane skal frakte mat, drikke og førstehjelpsutstyr. Søker trur dette vil være eit svært positivt tiltak for hytteturistar og andre skiløparar i området.

Løypa vil bli preparert kvelden før, eller same morgon, avhengig av været. Søker opplyser at det svært sjeldan blir sett villrein så langt sør i verneområde, men at ein ved ein eventuell observasjon av dyr i området vil avlyse arrangementet.

Bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forv.plan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. I kap. 5.4. er det oppgjeve fleire transportføremål som forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon til, men ingen av desse omfattar føremålet frå denne søknaden. Motorferdsla det er søkt om må derfor ha dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova for å kunne gjennomførast. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Etter denne bestemminga kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8 - 12

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfoldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfoldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artar, samt frå GPS-merkeprosjektet i regi av NINA. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Villreinen nytter dei aktuelle område i første rekke i vinterhalvåret. Dei siste åra har det blitt observert fleire bukkeflokkar relativt nær dette område, men ikkje så langt søraust som Tindefjellet. Villreinen nytta i større grad desse områda tidlegare. Villreinen bruk av områda må sjåast i samanheng med at totalbestanden i mange år har vore mindre enn før. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også spele inn.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar i områda som vert råka av transporten. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Tindefjellet ligg 915 m.o.h. i eit snautt og ope heilandskap. Det meste av køyreruta i verneområde går over tregrensa. Det er ikkje tekniske inngrep, men ein del motorferdsel i dette område. Det er noko snøskuterkøyring til hytter og buer i området, og SNO sin dokumentasjonsrapport frå 2020 viser spor etter omfattande ulovleg snøskuterkøyring rett nordaust for toppen av Tindefjellet. Det er og noko ferdsel i område i samband med ski- og fotturar til Tindefjellet. Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga på området låg til moderat. Transporten det er søkt om har eit lite omfang og er avgrensa til ein eller to dagar. Ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert sett, men har eit langsiktig og

heilskapleg perspektiv på ferdsla i områda. Ein må rekne med at løypekøyninga og arrangementet vil gje auka ferdsel på Tindefjellet i påske 2024.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML). Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

Konklusjon

Løypekøyninga og transportane vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og transportane kjem ikkje i konflikt med verneformålet. Transportane vil heller ikkje vere eit trugsmål mot naturmangfaldet. Det kan difor gjevast løyve på vilkår om at løypekøyninga blir stoppa om det er villrein i område.

Strennan Utmarkslag

CO. Frode Øyulvstad
Solheim 24
4534 MARNARDAL

21.2.2024

SVR

Søknad om tillatelse til motorisert ferdsel i landskapsvernområde – SVR

Strennan Utmarkslag søker om tillatelse til bruk av tråkkemaskin og snøskuter innenfor landskapsvernområde.

Vi ønsker å arrangere en trivseldag med oppkjørt løype fra Eikerapen til Tindefjellet. Den aller siste delen av den aktuelle løypa ligger i verneområde. Vi tror dette vil være et svært positivt tiltak for hytteturisten og andre skiløpere i området.

Vi ønsker å legge arrangementet til onsdagen i påska – 27.3.2024. Ønsket er å bruke områdets tråkkemaskin samt to snøskutere med slede. Snøskuterne skal frakte mat, drikke og førstehjelpsutstyr.

Løypa vil bli preparert kvelden før, eller same morgen, avhengig av været.

Det er svært sjelden at vi ser reinsdyr så langt sør i verneområde. Ved eventuell observasjon av dyr i området, vil vi selvfølgelig avlyse arrangementet.

For Strennan Utmarkslag

Frode Øyulvstad
Leder

AU 20/24 Eventuelt